

KYRKJEHELING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



Alle årets konfirmentar

Sjå bilete av alle Osterøy-konfirmentane! Her på framsida er det konfirmentane i Gjerstad (øverst) og Haus kyrkje me syner bilete av, medan du inne i bladet (side 18-19) kan sjå bilete av konfirmentane i Bruvik, Hamre og Hosanger kyrkje.

KYRKJENE PÅ OSTERØY: TILSETTE / RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret,
Lonevåg Senter, Lonevågen 5:
Åpen alle dager; mandag til fredag,
kl. 8.30-14.30.

Tlf. 56 19 22 80
Epost: post@osteroykyrkja.no
Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

Tilsette:

Kyrkjeverje Linda Gripsgård Lunga,
Tlf. 56 19 22 80/mobil 906 04 890
Epost:
linda.gripsgard.lunga@osteroykyrkja.no

Sokneprest Stein Hugo Fykse, 56 19 22 87/Mobil 909 60 154

Kantor Ivar Mæland,
Mobil 48182533

Konfirmanlærer Hilde Helen Trovåg,
Mobil 92408674

Sekretær Miriam Kalland,
Tlf. 56 19 22 86

Organist Trent L. Bruner
Tlf. 56 19 22 84 / mobil 938 89 950

Trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad
Tlf. 56 19 22 85 / mobil 480 95 658

KYRKJEHELING

Kyrkjelydsblad for Bruvik, Gjerstad,
Hamre, Haus og Hosanger sokn.

Redaksjon for dette nummeret har vore
soknerådsleiarane. Ansvarleg/kontakt
for kyrkjehelsing denne utgåva:
Madli Kvamme Hannisdal
(madlihanisdal@gmail.com)
og Reidun Vevle
(reidunvevle@gmail.com).

Kyrkjehelsing nr. 5 2021 kjem ut
torsdag 25. november. Frist for levering
av lokalstoff er fredag 5. november.

Layout og trykk: Molvik Grafisk



Presten har ordet



På pilegrimsferd

Eg har aldri lagt ut på dei lange pilegrimsferdene, men mange gonger har eg kome til stader der eg har kjend meg som pilegrim. Eg treng ikkje fara så langt heller.

AV HARALD GRØNNEVIK



Harald Grønnevik var prest i Hamre og Hosanger frå 1975 til 1980. Han er no pensjonist og bur i Skånevik. (Foto: Privat)

Eg kan klara meg utan både Jerusalem, Santiago de Compostela og Nidaros. Den viktigaste reisa går til mi eiga kyrkje. Den vakraste skildringa av denne vandringa hørde eg onkel Gunnar fortelja. Han vaks opp i det snaue, trelause Sveio-landskapet med vidt utsyn.

På kyrkjesøndagane gjekk dei heimanfrå, og såg etterkvart alle dei andre. Liksom småbekker kom dei på gardsvegane frå kvar sine tun, til dei møttest og gjekk fleire ilag på dei litt større, før heile kyrkjefolket kom saman på den store vegen og flaut som ei elv mot kyrkja. Slik fortalde han det. Det var eit barndomsminne. Men eg forstod at dette var eit dyrebart syn og minne han bar med seg.

Seinare møtte eg som heilt ung prest Åslaug i Hosanger. Ho var organist der mest heile livet, frå konfirmasjonsalderen av. Åslaug fortalde meg at ho alltid, før ho gjekk opp trappene til orgelet på galleriet, stoppa i våpenhuset og sa fram salmeverset: «Her er Guds hus og himlens port / herfra det går en stige / av ord og sakramenter gjort / helt opp til himmelrike». Sjølv ikkje i alderdommen, då eg møtte henne, hadde ho slutta å undra seg over dette store underet, at der i hennar vesle bygd var eit slikt hus.

Som prest mange stader er mi eiga kyrkje etterkvart blitt fleire enn eg kan nemna. Vestre Vikebygd kyrkje var mi barndomskyrkje der eg blei døpt 1. juledag 1946. Og no har eg til sist funne «the place of my resurrection», som dei sa i den gamle keltiske kyrkja. Staden der eg skal stå opp, ved Skånevik kyrkje i Sunnhordland.

I mi eiga kyrkje har eg alt eg treng. Eigentleg er det ikkje om å gjera å fara på andre pilegrimsferder. Her er Ordet frå Herren, rom for bøn, fellesskap, og på altaret står brødet og vinen.

Legendene frå middelalderen fortel om riddarane som rastlaust saumfor Europa på jakt etter den heilage gralen, staupet der Josef av Arimatea skal ha samla Kristi blod på langfredagen. Mange meinte den var gøymd ved Glastonbury sørvest i England. Då eg var der og gjekk omkring i Kong Arthurs land, leita eg ikkje etter den. Eg finn den god nok i mi eiga kyrkje. Slik den står i kvar kyrkje på jorda.

Så her kunne eg slutta av. Pilegrimsferder er ikkje pålagde og nødvendige, og set langt ifrå nokon i ein høgare divisjon. Likevel har eg stått på mange andre stader der eg har kjend meg som pilegrim. Der hende noko som førde meg vidare i undring og forståing, Der hadde levd menneske som sto fram som eksempel. Og særleg finnest der, ofte på uventa plasser, spor av Herren sjølv i kristuslike liv, både i kyrkja og i det vidare samfunnet. Det er fint å koma til desse stadene.

Minneord Jørgen Grimelid 1952-2021

«Vi må nok utsette det diakonimøtet til september, Åge», sa Jørgen. Han var på Haukeland sjukehus og hadde fått eit nytt «skudd for baugen», som han kalla det. Han rakk ikkje september, og døydde frå oss 31. august.

Me fekk fort vite at Jørgen hadde bak seg ein lang sjukdomsperiode då han kom som sårt tiltrengt prestevikar til Osterøy. Denne godt vaksne karen hadde teke presteutdanning og skulle vigslast til prest hausten 2019. Han vart innsett som prest her den 17. november 2019. Og Jørgen vart ein prest for oss alle, men særleg for dei av ostringane som opplevde ei vanskeleg tid i livet sitt.

Han sto på med alt han hadde av krefter, og det var ikkje lite. Han erfarte at det var mange som trong ein samtale med presten, og Jørgen stilte opp. Sitt engasjement for diakonien forklarte han mellom anna med den sterke auken han opplevde av førespurnader om samtale/hjelp i koronatida. Berre dei tre fyrste månadene i 2021 hadde han like mange samtalar som i heile 2020 – og det var heller ikkje få.

Jørgen gjorde ikkje noko stort poeng av sin eigen sjukdom. Han ivra for flest mogleg gudstenester, og



forkynte klårt og engasjert til oss alle uavhengig av kor stor eller lita tru me har.

Mi siste samtale med Jørgen fann stad ei god veke før han døydde. Då var han framleis optimist. «No kjenner eg ka nåde e» sa han på sin klingande Laksevågsdialekt. Det er eit velsigna ord å ta med seg vidare for kyrkjelydane på Osterøy. Me vil ha Anne Brit og resten av familien med i våre bønner, og lyser fred over Jørgen Grimelid sitt minne.

Åge Clausen

Minnemarkering for 22. juli 2011



TI ÅR SIDAN TERRORANGREPET: Minnestøtta ved rådhuset, som er hoggen ut i granitt av Nico Widerberg, vart avduka 12. august 2012. Til høgre: Ordførar Lars Fjeldstad leia minnemarkeringa. (Foto: Åge Clausen)

Terrorangrepet på Utøya og bilbomba i regjeringskvartalet i Oslo i 2011 har sett spor også på Osterøy.

AV EDVIN BRATLI

69 menneske mista livet på Utøya 22. juli 2011, og åtte personar sine liv enda i regjeringskvartalet etter bilbomba. Tre ungdommar frå Osterøy drog på sommarleir på Utøya, men berre ein kom tilbake i live. Tore Eikeland og Tarald Kuven Mjelde miste begge livet, medan Nikolas Dale Skjerping fekk kome heim att.

10-årsmarkeringa ved rådhuset i sommar samla mange menneske, og vi fekk høyre historia om dei flotte og engasjerte ungdommane.

Nikolas fortalde korleis han hadde det. Ordførar Lars Fjeldstad leia minnemarkeringa, der det var musikalske innslag og fleire som tok ordet. Kyrkja på Osterøy var representert ved prost Arne Mulen, som helt ei tankevekkjande helsing, og kyrkjevevjen la ned blommar ved minnesmerket.

Glimt frå trusopplæringa



Samling i kyrkja før skulestart, småbarnsong for 3-åringar, klovnerier i kyrkja og leiarkurs for konfirmantar.

AV HELGA MJELSTAD

Heilt førsteklasses: Dagen før skulestart var førsteklassingar frå heile Osterøy inviterte til samling i kyrkja. Dei kunne møta i Gjerstad eller Hamre kyrkje. I løpet av to timar blei førsteklassingane med på ulike aktivitetar i kyrkja og dei fekk si eiga 6-årsbok. Det var veldig kjekt å bli litt kjent med dei og me ønskjer alle saman lykke til med skulestart!

3-åringar og Småbarnsong: I starten av sommarferien fekk 3-åringane ein konvolutt i posten. Eit aktivitetshäfte, med songar gøymt bak QR-kodar, var sommarpresang til dei frå kyrkja. 3-åringane er spesielt inviterte til småbarnsong i Haus kyrkjelydshus. Første samling er tysdag 7. september kl. 16.30. Påmelding finn ein på kyrkja si heimeside: osteroy.kyrkja.no

Klovnane Tipp & Topp: Fredag 12. november kl. 18 er heile familien velkomen til å møta klovnane igjen i Hosanger kyrkje. Dette blir gøy for både små og store. I oktober opnar påmelding til arrangementet på heimesida: osteroy.kyrkja.no

Leiarkurs for konfirmantar: Dei som blei konfirmerte i haust er inviterte til å delta på leiarkurs. På leiarkurs deltar ein på fem kurskveldar og ei weekendsamling ved Sognefjorden. I tillegg får ein praksis som hjelpeleiar i kyrkjene. Etter fullført kurs får deltakarane utdelt kursbevis. Første kurskveld blir tysdag 14. september kl. 18-20 i kyrkjesenteret i Lonevåg. Påmelding: Send sms til trusmdarbeidar Helga Mjelstad på mobil 48095658.



FØRSTEKLASSES MØTE MED KYRKJA: Førsteklassingane fekk si eiga 6-årsbok.



Fredag 12. november kjem klovnane Tipp og Topp til Hosanger kyrkje.

Halvårsplan for trusopplæringa

Fredag 24/9 kl. 18.30-21.30: Fredagskveld for ungdomar 15+ i Kyrkjesenteret

Søndag 26/9 kl. 11.00: Utdeling av 4-årsbok i Bruvik kyrkje

Søndag 26/9 kl. 12.00: Kick-off for nye konfirmantar i Haus kyrkje

Onsdag 29/9 kl. 12.00: Babysong (0-1 år) i Haus kyrkjelydshus

Laurdag 2/10 kl. 11.00-13.00: Samling for 4-åringar i Hosanger kyrkje

Laurdag 2/10 kl. 16.00-18.00: Samling for 4-åringar i Hamre kyrkje

Søndag 3/10 kl. 11.00: Samling for 4-åringar i Hosanger kyrkje

Søndag 3/10 kl. 16.00: Samling for 4-åringar i Hamre kyrkje

Tysdag 5/10 kl. 16.30-17.30: Småbarnsong (3-5 år) i Haus kyrkjelydshus

Onsdag 6/10 kl. 12.00: Babysong (0-1 år) i Haus kyrkjelydshus

Onsdag 13/10 kl. 12.00: Babysong (0-1 år) i Haus kyrkjelydshus

Laurdag 23/10 kl. 11.00-13.00: Samling for 4-åringar i Haus kyrkje

Laurdag 23/10 kl. 16.00-18.00: Samling for 4-åringar i Gjerstad kyrkje

Søndag 24/10 kl. 11.00: Utdeling av 4-årsbok i Haus kyrkje

Søndag 24/10 kl. 16.00: Utdeling av 4-årsbok i Gjerstad kyrkje

Onsdag 27/10 kl. 12.00: Babysong (0-1 år) i Haus kyrkjelydshus

Fredag 29/10 kl. 18.30-21.30: Fredagskveld for ungdomar 15+ i Kyrkjesenteret

Tysdag 2/11 kl. 16.30-17.30: Småbarnsong (3-5 år) i Haus kyrkjelydshus

Onsdag 3/11 kl. 12.00: Babysong (0-1 år) i Haus kyrkjelydshus

Onsdag 10/11 kl. 12.00: Babysong (0-1 år) i Haus kyrkjelydshus

Fredag 12/11 kl. 18.00-19.00: Klovnane Tipp & Topp kjem til Hosanger kyrkje

Onsdag 17/11 kl. 12.00: Babysong (0-1 år) i Haus kyrkjelydshus

Laurdag 20/11 kl. 17.00: Lys Vaken (for 10-åringar) i Gjerstad kyrkje

Søndag 21/11 kl. 11.00: Lys Vaken-gudsteneste i Gjerstad kyrkje

Onsdag 24/11 kl. 12.00: Babysong (0-1 år) i Haus kyrkjelydshus

Fredag 26/11 kl. 18.30-21.30: Fredagskveld for ungdomar 15+ i Kyrkjesenteret

Laurdag 27/11 kl. 17.00: Lys Vaken (for 10-åringar) i Haus kyrkje

Laurdag 27/11 kl. 17.00: Lys Vaken (for 10-åringar) i Hamre kyrkje

Søndag 28/11 kl. 11.00: Lys Vaken-gudsteneste i Haus kyrkje

Søndag 28/11 kl. 11.00: Lys Vaken-gudsteneste i Hamre kyrkje

Fredag 3/12 kl. 17.00-19.00: Juleverkstad (4-12 år) i Bruvik kyrkje

Tysdag 7/12 kl. 16.30-17.30: Småbarnsong (3-5 år) i Haus kyrkje

Thunestvedt

En god kobling

Din lokale elektriker for små og store oppdrag

Osterøy: 56 19 39 00
Arna: 55 39 19 00
inst@thunestvedt.no

www.thunestvedt.no



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86
Mob. 902 96 665



Revheim Gravferdshjelp ANS

Står til teneste og ordner alt
det praktiske ved dødsfall.
Kjem gjerne heim for samtale.

Sissel Revheim & Karin Revheim
Tlf: 481 37 815/992 97 112
Epost: revheim@grhjelp.no

Annonserer i Kyrkjehelsing?

For annonsering -
kontakt Torill Hatlebrekke Husebø på

995 50 787

Velkommen til vaffelfredag

No kan vi igjen ynskja velkomen til vaffelfredag i Kyrkjesenteret i Lonevåg (1. etasje under biblioteket).

Stikk innom, slapp av, nyt vafler og kaffi, og ein god prat.

Vår uoffisielle «kafe» er open siste fredag i kvar måned frå kl. 11.00 - 14.00.

Datoane i haust er altså;
24. september,
29. oktober og
26. november

Dette er eit samarbeid mellom kyrkjekontoret og sokneråda på Osterøy.



Pensjonistsamlingane i Haus

Me starta opp igjen tysdag 31. august etter ein lang koronapause. No blir det fast framover frå kl. 13.30-15.30 på desse datoane:

- 14. September
- 28. September
- 12. oktober
- 26. oktober
- 9. november
- 23. november
- 7. desember

Du er hjarteleg velkomen. Me serverer varm mat, kaffi og kaker, og tilbyr skyss for dei som har behov. Det blir ulike programinnslag og tid til å prata saman.

Haus sokneråd/diakoniutvalet.

Kyrkjelydsbasar

Laurdag 30. oktober blir det kyrkjelydsbasar i Haus kyrkjelydshus kl. 15.30. Me tek med takk imot gevinstar.

Haus Sokneråd/husstyret

Alle årets konfirmantar

Vi gratulerer med den store dagen! Konfirmantane i Gjerstad kyrkje og Haus kyrkje: Sjå framsida. Alle foto: Rune Solberg

KONFIRMANTAR I GJERSTAD (ØVERST PÅ FRAMSIDA): 1. rad frå venstre: Linnea Jin Gullbrå, Ariel Ovidia Mjelstad Svandal, Sandra Lohne Tvedterås, sokneprest Stein Hugo Fykse. 2. rad frå venstre: trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad, Sara Vidya Fotland Clausen, Julie Tveiterås, Noah Elias Nøttveit Bøe, Leah Krakhella Kallekleiv, Tomine Revheim Kleppe, Carina Helland, konfirmantlærar Hilde Helen Trovåg. 3. rad frå venstre: Mia Teigland, Aron Skår Helland, Even Simmenes Fotland, Oskar Revheim, Dagfinn Gjerstad, Nicolai Lillefosse Eriksen, Eric Myking, Jakob Lillejord, Benjamin Tinbod Alden. 4. rad frå venstre: Jonathan Bognøy Fotland, Torbjørn Nesthus Liabø, Fredrik Lone Hansen, Nicholas Andre Revheim (konfirmert i Hamre), Jørund Vik, Elias Vedå Mjelde, Olav Småland. Ida Elisabeth Ekerhovd var ikkje til stades då biletet vart teke.

KONFIRMANTAR I HAUS (NEDERST PÅ FRAMSIDA): 1. rad frå venstre: Ingrid Feidje Mjelde, Malin Nesthus Ramberg, sokneprest Stein Hugo Fykse, Emilie Mjelde Holsen, David Mathisen Eriksson. 2. rad frå venstre: Elena Mostraum, Margrethe Sørheim, Josefine Ådland, Marta Irena Nowc, Frida Thunestvedt Skår, Kristina Lundgren Skår, konfirmantlærar Hilde Helen Trovåg. 3. rad frå venstre: Erlend Vikne, Steffen Riple Fanebust, Katarina Strize, Matilde Loftaas Vatle, Leander Hetlevik Bøe, Vegard Høylo Trefall, Kristian Mjelde, Sunniva Birkeland, Martin Bruvik Skjoldal, Markus Straume-Kvåle. Isabel Olsnes Langeteig var ikkje til stades då biletet vart teke.



KONFIRMANTAR I HAMRE: 1. rad frå venstre: Emilie Helle, sokneprest Jørgen Grimelid, Lena Hopland. 2. rad frå venstre: Amalie Nithoer Hustrulid, Julie Helle, Jakob Andre Vedvik, Joakim Børtveit-Elvik, konfirmantlærar Hilde Helen Trovåg. 3. rad frå venstre: Amalie Aanstad Storebø, Frøya Irene Sandnes Solberg, Silje Valvik Birkeland, Elise Kjelvik Vevle. 4. rad frå venstre: Anders Flatås Larsen, Emilie Hagenes Flatås, Sander Solberg Lund, Andreas Vedå, Tord Harald Kreybu.



KONFIRMANT I BRUVIK: Frå venstre: Konfirmantlærer Hilde Helen Trovåg, Magnus Revheim og sokneprest Stein Hugo Fykse.



KONFIRMANTAR I HOSANGER: 1. rad frå venstre: Anmira Tysse Hansen, sokneprest Jørgen Grimelid, Selma Johanne Myking Sunde. 2. rad frå venstre: Hanne Engstrøm, Michelle Millen, Eivind Hugnastad, Niklas Kallekleiv, Jonas Øvsthus, konfirmantlærer Hilde Helen Trovåg. 3. rad frå venstre: Carstein Nesheim, Joakim Lone, Daniel Tvedt Teigland, Tristan Ahmer, Eivind Nordstrand Tysse.



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

Velkomen til gudsteneste!

Alle gudstenester byrjar kl. 11.00 om ikkje anna er nemnd under. Endringar kan kome grunna korona-reglar. Følg med på heimesida: www.osteroy.kyrkja.no og på Facebook-sida vår: Kyrkja Osterøy.

26. september

18. s. i treeiningstida. Matt 8,5-13

Bruvik kyrkje: Familiegudsteneste v/Stein Hugo Fykse. Dåp.

Gjerstad kyrkje: Høgmesse, dåp og nattverd.

Haus kyrkje kl. 12.00: Kick-off-gudsteneste for konfirmantane.

2. oktober – laurdag.

19. s. i treeiningstida. 5.Mos 30,11-15

Gjerstad kyrkje kl. 12.00: Dåpsgudsteneste.

3. oktober

19. s. i treeiningstida. 5.Mos 30,11-15

Hosanger kyrkje: Familiegudsteneste, dåp, 4-årsbok, konfirmantpresentasjon.

Hamre kyrkje kl. 16.00: Familiegudsteneste, dåp, 4-årsbok, konfirmantpresentasjon.

10. oktober

20. s. i treeiningstida. Mark 10,2-9

Gjerstad kyrkje: Høgmesse, dåp og nattverd.

50-årskonfirmantar og konfirmantpresentasjon.

17. oktober

21. s. i treeiningstida. Luk 16, 19-31

Hamre kyrkje: Høgmesse, dåp og nattverd.

Bruvik kyrkje: Høgmesse, dåp og nattverd.

24. oktober

22.s. i treeiningstida. Joh 12, 35-36.

Haus kyrkje: Familiegudsteneste, dåp og 4-årsbok.

50-årskonfirmantar og konfirmantpresentasjon.

Gjerstad kyrkje kl. 16.00: Familiegudsteneste, dåp og 4-årsbok.

31. oktober

Bots og bønnedag. Luk 18, 9-14.

Hosanger kyrkje: Høgmesse, dåp og nattverd.

Hamre kyrkje kl. 19.00: Kveldsgudsteneste.

6. november – laurdag

Helgemessesøndag. Matt 5,13-16.

Gjerstad kyrkje kl. 12.00 og 13.00.

Dåpsgudsteneste.

7.november

Helgemessesøndag. Matt 5,13-16.

Hosanger kyrkje: Minnegudsteneste.

Gjerstad kyrkje: Minnegudsteneste.

Haus kyrkje kl. 16.00: Minnegudsteneste.

Hamre kyrkje kl. 16.00: Minnegudsteneste.

14. november

25.s. i treeiningstida. Matt 14,22-34.

Hamre kyrkje: Høgmesse, dåp og nattverd.

Bruvik kyrkje kl. 19.00: Musikk gudsteneste v/Stein

Hugo Fykse og Ivar Mæland.

21. november

Kristi kongedag. Matt 25, 1-13.

Gjerstad kyrkje: Familiegudsteneste – lys vaken.

Haus kyrkje kl. 19.00: Kveldsgudsteneste.

28. november

1.s. i advent

Haus kyrkje: Familiegudsteneste – lys vaken.

Hamre kyrkje: Familiegudsteneste – lys vaken.

Hosanger kyrkje kl. 16.00: Gudsteneste med

grantenning.

SLEKTERS GANG

Døpte:

Bruvik

06.06 Marlon Daltveit-Olsnes

Haus

30.05 Ruben Åsheim

20.06 Laurits Bernes Hatland

01.08 Ulrik Kleiveland Bauge

01.08 Ellie Thomassen Aasheim

Gjerstad

28.03 Oliver Noel Tveit

01.05 Ariel Lid Børtveit

13.06 Vilde Synnøve Rongved Skogheim

13.06 Selma Neu Skarshaug

04.07 Fillip Hagenes Tønnessen

Hamre

05.06 Tiril Teigland Brakvatne

05.06 Emma Gjøn Kleppe

05.06 Lilly Daltveit Øksnes

05.06 Lilly Rundhovde Jenssen

05.06 Thea Marikken Birkaas

05.06 Caspian Emil Akselberg Birkaas

27.06 Helena Fossbakken

Hosanger

13.06 Sverre Faugstad Hanstvedt

13.06 Lilli Astrid Mutya Endriano-Hansen

14.08 Lukas Johnsen Hole

Vigslar

Hamre

19.06 Marina Skrolsvik Børtveit og Kjetil André Revheim

24.06 Inger Helen Midtgård og Olav Luggenes

27.08 Trond Øksnes og Orathai Phothesong

27.06 Arne Borge og Salinthip Pairam

Hosanger

21.08 Malin Herland og Kim André Amesen

Gravlagte:

Bruvik

18.06 Jofred Vik

Haus

06.07 Tore Adolfsen (f.1950)

10.08 Kjellaug Loeshagen (f.1929)

Hamre

02.07 Svein Børtveit (f.1949)

Hosanger

08.06 Dagfinn Ingvald Hoshovde (f.1938)

27.07 Ludvik Elias Hellevang (f.1923)

Gjerstad

29.06 Svein Jan Låstad (f.1941)



Bunad og stakkastovo as

*Ny bunad
Omsem
Alt av tilbehør*

Ring for avtale 56191800

Hodlebrautsvegen 18, Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen
www.bunadogstakkastovo.no